
Saksnr: 2020/34796-5
Saksbehandlar Matti Torgersen
Dato: 13.05.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur- og veg

Status for inntekter og passeringar i bompengeprojekt i Vestland 1- tertial 2020

Tabellen under viser tal på passeringar i 1. tertial 2020 samanlikna med 1. tertial 2019 for alle bompengeprojekt i Vestland fylke. Tidsperioden inkluderer m.a. perioden like før og under første del av restriksjonar knytt til Covid-19 som vart innført 12. mars 2020.

Prosjekt	1. tertial 2020	1. tertial 2019	Endring	Endring, %
Askøypakken	2 391 070	2 615 100	-224 030	-9 %
Austevollsbrua	94 865	101 107	-6 242	-6 %
Bergen ¹⁾	26 471 833	18 159 991	8 311 842	46 %
Bømlopakken	398 130	460 097	-61 967	-13 %
Førdepakken	1 990 004	2 159 385	-169 381	-8 %
Hardangerbrua	109 412	173 487	-64 075	-37 %
Jondalstunnelen	55 010	58 978	-3 968	-7 %
Kvammapakken	218 105	266 301	-48 196	-18 %
Nordhordlandspakken ²⁾	4 221 434	0	4 221 434	
Stordalstunnelen	143 131	205 795	-62 664	-30 %
Vossapakko	610 576	768 717	-158 141	-21 %
Årsnes	50 424	68 948	-18 524	-27 %
Sum	36 753 994	25 037 906	11 716 088	47 %

¹⁾ Nye bomstasjonar opna 6. april 2019.

²⁾ Innkrevjing i Nordhordlandspakken starta 1. desember 2019

Auken i passeringar i bomringen i Bergen skuldast opning av nye bomstasjonar i Bergen. Det er også her det store volumet av bopasseringar er. I tillegg har Nordhordlandspakken opna i perioden, slik at totalt tal passeringar har auka.

Det er særleg Hardangerbrua, Stordalstunnelen, Vossapakko og Årsnes som har hatt stor nedgang i trafikken. Dette kan ha samband med at alle desse sambanda ligg i område som i særleg grad blei råka av restriksjonane knytt til bruk av fritidsbustader og skianlegg fram til like etter påsken 2020. Alle dei nemnte sambanda er riksvegsamband. Av fylkeskommunale bompengepakkar er det særleg Kvammapakken som har hatt stor nedgang på 18 prosent, mens Bømlopakken har hatt ein nedgang på 13 prosent.

I tabellen under er det skilt mellom dei gamle stasjonane og dei nye stasjonane i Bergen. Tabellen viser at det har vore ein nedgang i perioden på 11 prosent i forhold til 2019 dei fire første månadene i 2020.

Passeringar	1. tertial 2020	1. tertial 2019	Endring	Endring, %
Gamle stasjonar	13 719 062	15 364 279	- 1 645 217	-11 %
Nye stasjonar	12 752 771	2 795 712	9 957 059	356 %

Tabellen under viser inntekter knytt til dei einskilde sambanda 1 tertial i 2020 samanlikna med tilsvarende periode i 2019.

Prosjekt	1. tertial 2020	1. tertial 2019	Endring	Endring, %
Askøypakken	30 982 778	32 929 260	-1 946 482	-5,9 %
Austevollsbrua	5 271 436	5 580 229	-308 793	-5,5 %
Bergen ¹⁾	324 674 959	274 063 865	50 611 094	18,5 %
Bømlopakken	19 770 415	21 268 674	-1 498 259	-7,0 %
Førdepakken	29 094 038	31 293 922	-2 199 885	-7,0 %
Hardangerbrua	14 744 251	24 234 509	-9 490 258	-39,2 %
Jondalstunnelen	1 399 518	1 506 881	-107 363	-7,1 %
Kvammapakken	7 403 515	8 291 134	-887 619	-10,7 %
Nordhordlandspakken ²⁾	39 283 500	0	39 283 500	
Stordalstunnelen	4 942 411	6 930 596	-1 988 185	-28,7 %
Vossapakko	21 774 798	29 972 558	-8 197 760	-27,4 %
Årsnes	1 055 477	1 676 226	-620 749	-37,0 %
Sum	500 397 095	437 747 854	62 649 242	14,3 %

¹⁾ Nye bomstasjonar opna 6. april 2019.

²⁾ Innkrevjing i Nordhordlandspakken starta 1. desember 2019

Det er rimeleg nok stort sett dei same bompengeprojekta som har hatt stor nedgang i trafikken som også har hatt stor nedgang i inntektene.

Det er litt tidleg å seie kva for konsekvensar trafikknedgangen vil få for inntekter i dei einskilde pakkene. Fylkesdirektøren vil følgje med på og melde tilbake om konsekvensane som nedstenginga av samfunnet får for inntektene til bompengeprojekta.